



## Notat

Til: Jarle Landås

Kopi til: Arthur Kleiveland

Saksbehandler: Sektor for helse og omsorg/Mette Fauskanger

Vår referanse: 16/2141 - 2 / FA - G00, TI - &00

Dato: 07.12.2016

**Emne: Start av arbeid med å utarbeida lokal forskrift Jf. lovendring om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester**

### BAKGRUNN

Den 13. juni 2016 vedtok Stortinget lovendringar i pasient- og brukarrettigheitslova og helse- og omsorgstenestelova om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister. Grunnlaget for lovvedtaket er Prop. 99 L (2015-2016) og Innst. 372 L (201-2016).

### VURDERING

#### Lovendringane

Når det gjeld lovendringane knytt til kommunale kriterier og ventelister må kommunen utarbeide, gjennomføre høyring, og vedta kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsplass i kommunen og på andre måtar innrette seg etter lovkrava før pasienten og brukarane sine rettar blir sett i kraft. Kommunen si plikt og heimel til å gje forskrifter etter ny § 3-2 a andre ledd i helse- og omsorgstenestelova blir difor sett i kraft frå 1. juli 2016, jf. sanksjoner og ikrafttredelser i Statsråd 17. juni 2016.

For å gjera retten til sjukeheims plass eller opphold i tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester tydeleg, er rettigheita presisert i pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 e første ledd. Det går fram klart av lova at pasient eller brukar har rett til slikt opphold dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikra pasienten og brukaren naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Kommunen si korresponderande plikt til å tilby slike tenester er presisert i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a første ledd. I desse tilfella må pasienten eller brukaren tildelast plass og kan ikkje setjast på venteliste.

Ny § 3-2 a andre ledd i helse- og omsorgstenestelova inneberer ei plikt for den einskilde kommune å utarbeide kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester. Forskrifta skal omfatte

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Tелефon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

pasientar og brukarar som vil vere best tent med langtidsopphald, men kor kommunen vurderer at vedkommande med forsvarlege tenester frå kommunen kan bu heime til langtidsopphald vert innvilga. Ved fastsetting av forskrift må kommunen følgje forvaltningslova kapittel VII, jf. helse- og omsorgstenestelova § 2-2.

I pasient- og brukarrettigheitslova ny § 2-1 a andre ledd er det bestemt at pasient og brukar som oppfyller kommunens kriterier, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald, skal ha rett til vedtak. Vedtaket inneberer at vedkommande er kvalifisert for langtidsplass og skal førast på venteliste. Ny § 3-2 a fjerde ledd i helse- og omsorgstenestelova pålegg kommunen å føre ventelister over pasientar eller brukarar som ventar på langtidsopphald.

Målet er å få heile ordninga i kraft i løpet av 2017. Helse- og omsorgsdepartementet tar sikte på å få sett i kraft dei resterande lovendringane knytt til kommunale kriterier og ventelister frå 1. juli 2017, herunder bestemmelser om pasient og brukar sin rett til vedtak dersom vedkommande oppfyller kommunen sine kriterier og skal setjast på venteliste. **Dette inneberer at den kommunale forskrifta må vere vedtatt slik at den seinast kan tre i kraft 1. juli 2017.**

## KONKLUSJON

Radøy kommune skal utarbeida lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, gjennomføra høyring og handsama forskrifta politisk innan 010617.

Styringsgruppe: Anne Brattetaule,  
Mette Fauskanger,  
Fagforbundet

Arbeidsgruppe: Bjørg Murberg (ledar),  
Grethe Fosse,  
Jørgen Bleikli,  
Johnny Brattetaule.